

## Oldefars 'dansemoves' - Eit møte med tradisjonsdans frå arkivet

Born og unge får møta, oppleva og bruka arkivmateriale med tradisjonsdans og tradisjonsmusikk.

Dansesatsinga til Hardingfela.no, «Folkedans i Hordaland», skal leggja til rette for gode vekstvilkår for tradisjonsdansen i Hordaland. Vi vil halda levande denne immaterielle kulturarven gjennom å ta vare på, dyrka og vidareutvikla tradisjonsdansen gjennom bruk. Med satsinga ynskjer vi å auka interessa og forståinga for dansearven vår, gjennom å tenkja nytt omkring formidling og rekruttering. I tillegg til å leggja opp til aktivitet og tiltak som støyr opp under allereie eksisterande aktivitet, vil ein skapa nye møteplassar for utveksling, utvikling og kompetanseheving, og prøva ut nye arenaer for formidling og rekruttering.

Tiltaket «Oldefars 'dansemoves'» bygger både på møte med, og bruk av, arkiv og arkivmateriale. I tillegg vil tiltaket også bidra til å utforska identitet, historie og tradisjon gjennom danse- og musikkvariasjonar i tradisjonsdans og tradisjonsmusikk.

Vi ynskjer gjennom dette tiltaket å formidla det rike og verdifulle materiale frå Hordaland til born og unge, via refleksjon, utprøving og rørsle, gjennom involvering i, og bruk av, arkivmateriale som inneheld tradisjonsdans og tradisjonsmusikk. Vi ynskjer vidare at deltakarane får teste ut og øve seg på å samle eige materiale av dans og musikk. På denne måten får dei også øve seg i å bruke eit anna sett med briller når dei opplev til dømes tradisjonsdans. I tillegg vil ei slik utfolding kunna bidra til å sjå kultur og kulturarv generelt, med litt andre augo.

Materialet borna arbeidar med, og sjølv produserer, vil også kunne bli ein del av vidare formidling – til dømes gjennom at delar frå prosjektet «Oldefars 'dansemoves'» vert ein del av ei utstilling på museet.

Målgruppa er born og unge i Hordaland, og ein ynskjer blant anna å invitera ulike skuleklassar og grupper med born og unge frå dei lokale danse- og spelemannslaga rundt omkring i fylket til å vitja museet og delta i arbeid med, og dra lærdom frå, arkivmateriale på

folkemusikk og folkedans. Ein skal også kunna reisa rundt med delar av opplegget til grupper som har lengre reiseavstand til museet der aktiviteten finn stad.

Oppsumert er tiltaket i hovudsak eit *formidlingstiltak* som handlar om vern og vidareføring av immateriell kulturarv gjennom bruk.

### Opplegg, gjennomføring og resultat

Målgruppa er, som skildra over, born og unge. Det vil bli lagt opp til eit eller fleire møter alt etter kva gruppene som vert invitert har mogleg for. Det er tenkt at opplegget skal vara i frå 2 timar til ein halv dag – igjen alt etter kor mykje tid dei ulike gruppene har til råde – og kan setta av.

Før ein kan setta i gong med tiltaket må ein velja ut kva for materiale som kan vera eigna kvalitetsmessig – både når det gjeld bilde- og lyd kvalitet, men det lyt også gjennomførast ei fagleg kvalitetssikring av det materialet som skal brukast. Her er også variasjon i utvalet ein vesentleg faktor.

Ein vil laga eit opplegg som kan ha base på museet, men også ein variant av dette som det er mogleg å ta med rundt til ulike grupper som til dømes skuleklassar, ungdomsklubbar og lokale lag som har lengre reiseveg til museet.

Vi vil i gjennomføringa av tiltaket samarbeide med lokale frivillige lag og hyra inn tradisjonsdansarar til å vera med i det praktiske opplegget.

Med tiltaket ynskjer vi å oppnå at born og unge gjerast oppmerksame på og får oppleve:

- arkiv og arkivmateriale,
- at det finnast eit rikt arkivmateriale når det gjeld folkemusikk og folkedans frå Hordaland,
- lokale variantar og dialektar i spel og dans,
- tradisjonsdans og tradisjonsmusikk gjennom utprøving og bruk,
- arkiva si viktige kulturvern- og samfunnsrolle.

Oppgåver knytt til tiltaket vil vera:

- arbeid med utval av eigna materiale,

- samhandling og samarbeid med lokale ressurspersonar, dansar- og spelemannslag,
- førebuing, tilrettelegging og gjennomføring av opplegget for skuleklassar og andre aktuelle grupper av born og unge, som t.d. grupper i lokale danse- og spelemannslag.

#### Tidsramme «Oldefars dansemoves»

Mars - november 2017.

#### Meir om dansesatsinga «Folkedans i Hordaland» og [Hardingfela.no](http://Hardingfela.no)

Dansesatsinga «Folkedans i Hordaland» ligg inn under [Hardingfela.no](http://Hardingfela.no) som er eit prosjekt eigd av Hardanger & Voss museum og Ole Bull Akademiet, som er to av dei viktigaste institusjonane på tradisjonsmusikk og tradisjonsdans i Hordaland fylke. I tillegg til desse institusjonane er Hordaland Folkemusikklag og Hordaland Ungdomslag samarbeidspartnarar i dansesatsinga. Desse to organisasjonane er bindeleddet mellom det frie feltet – dei lokale laga som driv med folkedans og folkemusikk i fylket – og prosjektet «Folkedans i Hordaland». Norsk Senter for folkemusikk og folkedans vi også vera ein av samarbeidspartane i dette tiltaket, då det er denne institusjonen som sit på det meste av det eldste, men også ein del av nyare, filmmateriale på tradisjonsdans. Også Arne Bjørndal-samlinga i Bergen vil vera ei vesentleg samarbeidspartnar, spesielt når det kjem til lydmateriale.

Ole Bull Akademiet formidlar kompetanse og gjev opplæring i norsk folkemusikk og folkedans til høgskule- og universitetsstudentar. Via tiltaket «Oldefars dansemoves» i dansesatsinga vil ein også nå ei anna målgruppe – born og ungdom. I tillegg til at dette tiltaket er eit formidlingstiltak, der ein formidlar kva arkiv og arkivmateriale kan innehalda, korleis ein kan jobba med arkiv og arkivmateriale og at deltakarane får ta del i og nytta tradisjonsdans og -musikk, vil det også vera eit tiltak som har betydning for *rekrutteringa* av born og unge til tradisjonsmusikken og -dansen.

Budsjett		
«Oldefars dansemoves»	Sum	Kommentar
<b>Utgifter</b>		
Innleidde ressursar	60000	4 personar, 5 gongar kvar à kr 3000,-
Eigne ressursar adm./tilrettelegging/førebuing/gjennomføring	40000	
Reise	15000	
Materiell / utstyr	15000	t.d. leige av filmutstyr
Lokale	40000	
Marknadsføring	10000	
Div.utgifter	20000	
<b>Totale utgifter</b>	<b>200000</b>	
<b>Inntekter</b>		
Eigeninnsats Hardingfela.no	55000	
Billetter/ deltakaravgift	5000	ved arrangement på musea
Rådet for folkemusikk og folkedans	30000	Frist: 1.oktober
Hordaland fylkeskommune	50000	
Norsk Kulturråd	60000	
<b>Totale inntekter</b>	<b>200000</b>	